



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/2544 - 20/38964

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
23.06.2020

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 434/52 Grindheim

**Tiltak:** Søknad om dispensasjon  
**Byggjestad:** Gbnr: 434/52  
**Tiltakshavar:** Jarle Grindheim  
**Ansvarleg søkjar:** Hammar-Kameratane AS

Saka gjeld godkjent dispensasjon frå planføre mål- LNF og byggjeløyve for oppføring av bustad med vegtilkomst på gbnr 434/52 Grindheim.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som landbruk-, natur- og friluftsområde.

Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA.

### Administrativt handsaming

Saka vart handsama av administrasjon den 23.06.20, der følgjande vedtak vart fatta:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealformålet LNF for oppføring av ny bustad og tilkomstveg.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve i eitt trinn for oppføring av bustad og tilkomstveg på følgjande vilkår:**

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 13.05.2020 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet.
3. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk i samsvar med løyve til påkopling datert 28.05.2020, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.
4. Tiltaket skal knytast til privat avlaupsanlegg i samsvar med utsleppsløyve i 20/4096 i vedtak datert 03.03.2020, og utførast i samsvar med godkjent VA-plan/situasjonsplan.

5. Tiltaket får tilkomst til offentlig veg. Veg og avkjørsle skal opparbeidast i samsvar med løyve frå vegstyresmakta datert 11.03.2020.
6. Egedomen har gjerdeplikt.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgjande ligge føre:

1. Godkjent ferdigmelding på tilkopling til offentlig VA anlegg. Situasjonkart skal vere oppdatert med innmålingsdata og situasjonkart skal vise rørføring frå bygg til tilkopling offentlig leidning.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
3. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
4. Tinglyst erklæringar som gjeld veg, vatn og avløp.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

#### Borrfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post [larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no).

#### Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Vedlegg:

Løyve til oppføring av ny bustad og vegtilkomst med dispensasjon - gbnr 434/52 Grindheim  
D1 Situasjonkart  
E1-3 Teikning  
Byggesak gbnr 3452 Grindheim - søknad om dispensasjon (325876)  
Søknad (325877)  
Situasjonsplan (325879)

**Kopi til:**

Hammar-Kameratane AS  
Jarle Grindheim

Hella 60  
Hålandsvegen 25

5936 MANGER  
5936 MANGER

**Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland  
Vestland fylkeskommune  
Vestland fylkeskommune Infrastruktur og  
Veg

Njøsavegen 2  
Postboks 7900  
Askedalen 4

6863 LEIKANGER  
5020 BERGEN  
6863 LEIKANGER